



Sjette og sjuande klasse heime att etter turen på Skålafjell. (Foto: Ola Matti Mathisen)

”Eg er som du veit ein fjellets mann, difor dreg eg til fjells så ofte eg kan”, sa fjellfanten og diktaren Aasmund Olavsson Vinje
Også elevane ved skulen vår er spreke, det kan ikkje minst lærar Svein Sunde skriva under på. Onsdag var han atter ein gong til fjells saman med sjette og sjuande klasse og denne gongen var Skålafjell i Rosendal målet.

- Ein fjelltur er viktig både for kropp og sjel og vi drar til fjells med elevane så ofte vi kan, sa Svein til uskedalen.no etter at dei var heime att. Det regna ein god del, men det gjorde ingenting. Det skal bli litt av eitt uver før det blir avlysing av ein fjelltur frå Uskedalen Oppvekstsenter!

- Som regel går sjette og sjuande saman på fjelltur, det passar bra inn også i høve til planane som vi følgjer. Men for ikkje så lengje sidan hadde eg berre sjette klasse med meg. Då gjekk vi til Varhaugselet. Det er langt og vi kjem rundt 800 meter over havet. Men eg oppfanga ikkje ei einaste klage på heile turen, seier Svein, som med rette er stolt av elevane.

Uskedalen-skulen nyttar slett ikkje berre heimlege fjell, men fjell i heile kommunen. I tillegg til Varhaugselet og Skålafjell har dei til dømes vore på Gråskallen (Herøysund), Norefjell (Valen) og Kviteggjo (Omvikdalen). Og fleire meir fjerne fjell står for tur.

Av Ola Matti Mathisen